

Vi er alle tjent med en erfaren kritikerstand. Men ikke en ensformig.

# Ungdommens råskap



**KOMMENTAR**

KARIN HAUGEN

U nge forfattere savner mer jevnaldrende kritikere, skrev Aftenposten denne uka. Amalie Kasin Lerstang og Gine Cornelia Pedersen var blant forfatterne som uttalte seg om at eldre litteraturkritikere ikke alltid forstår den yngre generasjonens ironi og språkbruk. Det har møtt motbør, blant annet fra Erle Marie Sørheim, som i Dagbladet stilte seg tvilende til om generasjonen er så nyskapende at den er uforståelig for dem som er eldre – og Eirik Vassenden, som påpekte at en kritiker må ha erfaring og ballast.

**Vassendens poeng** er selvsagt: Det avgjørende er at vi har gode lesere, erfarne kritikere, stødige stemmer. La oss føye til at vel så viktig som alder, er tverrfaglig kompetanse: Skal du forstå og fortolke Audun

Mortensens intrikate prosjekter, er det din kompetanse på samtidskunst og ideologiske årvaakenhet som avgjør, ikke om du er flasket opp på internett. Det kan også bli for trang dersom en kritiker alltid skal være skreddersydd for oppgaven – dersom

feminister alltid anmelder feminister, og internettpoeter alltid anmelder internett-poeter. Å være i samme generasjon er ingen garanti for at man forstår prosjektet bedre enn en kritiker som har bikket de tretti, førti eller femti – Maria Navarro Skarangers debut fikk en mer grundig og åpen lesning her i avisa av Tom Egil Hverven, f. 1960, enn av Morgenbladets Olaf Haagensen, f. 1981.

**Problemstillingen kan** likevel ikke avfeies. Ta bøker som Cecilie Aurstads «Bare ukedager», som ble lansert på Deli de Luca (med en «vandring fra Deli-til-Deli»), eller

Rannveig Revhaugs «IRL» og Ole Petter Arnebergs «ME-PÅNO», som begge henter dataspill inn i litteraturen: Havner de på pulsten utelukkende hos tilårskomne kritikere, vil kritikere nødvendigvis nærme seg den kulturen forfatterne beskriver, fra en distanse. I det hele tatt er Flamme Forlags samlede katalog alene et argument for at vi må ha bredde blant kritikere, også når det gjelder alder. Der har avisene et ansvar for å rekruttere – et ansvar tidskriftene ofte forvalter ypperlig, idet de er rene talentfabrikken for skribenter.

**Men diskusjonen** overser noe avgjørende: En dynamisk litterær offentlighet oppnås ikke alene ved at en forfatter skriver et verk, som så

**De unge forfatterne må selv delta.**

vurderes av et knippe kritikere. De unge forfatterne kan ikke nøye seg med en avsenderposisjon, og bare sende ut

bøker som sonder i offentligheten. De må selv delta i den – skrive i tidsskrifter, anmelde bøker i aviser, delta med essays.

Visst er unge forfattere aktive: De starter småforlag som AFV Press, de gir ut fanziner, de knytter bånd til andre skandinaviske land, for eksempel til unge, danske poeter. Men de skriver i liten grad i avisene. Det er med

storøyd undring man kan bla seg tilbake i arkivene og se Tore Renberg og Ari Behns Dagblad-spillopper, der de etter opphetet debatt sto avbildet rygg til rygg, klar til duell. Eller tenke på at John Erik Riley skrev innlegg om Dag Solstads essay «Om meddelelsens problem». Hvor er de unge forfatternes deltakelse i offentlig debatt i dag?

**De unge forfatterne** må lese hverandre, polemisere mot eldre generasjoner, kjempe for sin estetikk. Ett eksempel er skribentene rundt det svenske 80-tallstidsskriftet Kris, eller det klassiske, hjemlige eksemplet med forfatterne i Profil-generasjonen. Yngre forfattere kan tilføre feltet stridbarhet, temperatur og vilje. Vil de ha samtalepartnere i noenlunde samme årskull, bør flere av dem bidra også utenfor bokpermene.

karin.haugen@klassekampen.no

# Typisk tradisjonsberar

– Om du skal lyfte fram ein fersk forfattar i dag, kven er det?

– Nicholas Møllerhaug. Som frilans skribent har han publisert originale artiklar om høgst ulike

emne innan blant anna musikk, film og byforvaltning. I år gir han ut ei stor biografisk bok om Bergens vidgjetne og kontroversielle 30-tals arkitekt, Leif Grung. Ei høgst uvanleg bok, som krev merksemd og gir informasjon innan fleire felt der han ikkje er fagmann. Slike forfattarar likar forfattarar av min type.

– Kva er det med denne forfattaren du har merka deg?

– Observasjons- og artikuleringsevne, kombinert med ein ekstremt open og personlege sans for mange slag ulik kunst. Kopla til ein pasjon når det gjeld å forfølgje eigne inspirasjonar, om det så liknar ein flukt frå trygge arbeidsforhold. Altså ein typisk tradisjonsberar, slik eg ser det.

– Hugsar du det første

«møtet» du hadde med denne forfattaren?

– Ja, det er alt fleire år sidan. Han intervjuar meg om emnet «Fartein Valen» for Studentradioen i Bergen. Då



**GENERASJONSKIFTE**

Bokmagasinet ber etablerte forfattarar tipse om favorittane sine blant dei unge, lovande.

**DENNE VEKA: EINAR ØKLAND OM NICHOLAS MØLLERHAUG**



skulle han vel bli italiensk-filolog – noko han nesten fullførte – men det var dette med Valen det hasta mest med.

– Følgjer du generelt mykje med på ny litteratur og debutantar som blir utgitte, og er det i så fall nokre tendensar du har merka deg?

– Som nynorsk forlagskonsulent gjennom nokre tiår, og sporadisk som medlem av ein tidsskriftredaksjon, gjorde eg det. Nå er det godt å gjere noko anna.

– Er litteratur-Noreg veldig annleis i dag enn då du debuterte?

– Nei og nei og ja og ja. Forfattarorganisasjonane er

langt betre på alle måtar i dag. Og framleis dreg arbeid med litteratur mange gode folk til seg. Men den fridomen det gav å debutere som outsider – i mitt tilfelle som

nynorsk poet utan von om anna vinning enn i beste fall kollegial respekt – og ha nok med det! – opplever ikkje dagens debutantar. Dei kan nok

ha rikare tilgang til akutte voner og freistingar i dag, men er meir åleine med desse. Eg misunner ikkje dei som startar i dag. Dei blir brukte som skrapelodd.

– Har du nokre spesielle minne knytte til din debut og det å vere fersk forfattar?

– Olav Dalgard melde debutboka mi (1963) under denne overskrifta: «Einar Økland debuterer». Ei sjokkerende formulering for ein som trudde seg ukjent og uinvitert. På linje med: «Einar Gerhardsen slår til». Men eg skjemdest likevel dei neste åra over å ha vist meg offentlig på trykk som mental blottar. **RK**

## UTANLANDS

Ei spalte om ting som skjer rundt omkring i litteraturverda. Denne veka: Forslag om endring av opphavsretten fører til opprør i den tyske bokmarknaden. Ei lovendring kan få store konsekvensar for tysk bokbransje og utviklinga av gode forfattarskap.

Den tyske justisministeren Heiko Maas er ute etter å øydeleggje mangfaldet i den tyske bokbransjen og dermed ein grunnpilar i det tyske demokratiet, skal vi tru forleggjar Andreas Rötzer i artikkelen «Ei katastrofe for forfattarar og forleggjarar» i nettavisa Zeit Online 4. januar. Mangfaldet har vore beskytta av blant anna fastpris og sjølvsgt åndsverklova; opphavsrettens varigheit har til no vore utarbeidd i fellesskap av forlag og forfattar. Maas ønskjer no å endre dette, slik



**MOTSTAND:** Judith Schalsky er ein av forfattarane som protesterer.

FOTO: SUSANNE SCHLEYER

at forlaga mistar rettane til eit verk etter berre fem år, og truer med det ifølgje Rötzer

sjølve forlaga sin eksistens: Det tar meir enn fem år å byggje opp eit forfattarskap, og dette vil gjere det mykje vanskelegare å satse på ein forfattar, og tilnærma umogleg å selje rettar til utlandet. Dette er det ingen andre enn Amazon og dei store konsernforlaga som vil tene på, meiner han.

Forleggjarar, agentar og forfattarar protesterer mot lovforslaget, og Rötzer minner oss om den uløyslege samanhengen mellom opphavsrett og demokrati. **RK**

## VI NOTERER...



... at det er komen ut ein diktantologi med tittelen «Den tysk-østerrikske poesiuka» frå forlaget Olympiastadion, som hyller nyttårshoppveka. Det kan vi lese på Bok 365. Hopp er rørslepoesi, står det i forordet: «Utøverne bedømmes ikke bare på lengden, men også på stilen. Skihopp er poesi og poesi er skihopp.» Med bidrag frå blant andre Erlend O. Nødtvedt, Mette Karlsvik og Endre Ruset.

... at avisa Politiken hevdar at bibliotekarane i Danmark i dag er forvirra over kva rolle dei eigentleg har, og at dei viktigaste oppgåvene kan verke å vere bokbrenning og lobbyverksemd. Biblioteka i København skal kassere opp mot ein halv million bøker, og kan skulde seg sjølve for å ha vore for lite på bana med å hevde seg. 3. januar skriv litteraturredaktør Jes Stein Pedersen at folkebiblioteka er inne i ei identitetskrise, fordi det no er marknadsprikk som gjeld. Dei får mindre stønad, bøkene forsvinn, og dei kjempar for å overleve som bibliotek.

... at nynorsk-elevar er i ferd med å verte ein stadig mindre minoritet i barne- og ungdomsskulen. No er det ifølgje VG berre 12,2 prosent av elevane som har nynorsk som hovudmål, det lågaste prosenttalet sidan skuleåret 1995/1996. For 20 år sidan var vi likevel oppe i ein prosent på 16,4. Leiari i Norsk Målungdom Synnøve Marie Sætre er redd for at det kan verke sjølvforsterka når nynorskbrukande barn og unge vert stadig færre. Ho meiner skulen må gjere meir for å ta vare på nynorsk-elevane, og sørgje for at dei får sleppe å forsvare at dei nyttar språket sitt.